

**- Som bønder i Sykkylven er vi glade i yrket vårt og stolte av næringa.** Det er meningsfullt og krevande å produsere landbruksvarer i vår vakre natur i høgkostlandet Norge. Næringa er synleg med store bygningar, med husdyr og jorder, skog og utmark. Bøndene utviklar stadig sine driftsmåtar. Produksjonen pr sysselsett auker 6 prosent årleg, det er på line med norsk oljeverksemd og storeksportøren USA. – For unge er difor landbruket ei spennande og meningsfull næring å gå inn i med store krav til arbeidslyst og allsidig fagkompetanse. **Rekruttering, økonomi og miljø** er hovudmåla for landbruket i Sykkylven.

## **- Veit du dette om landbruket i Sykkylven:**

Sykkylven er ein **betydeleg jordbrukskommune i fylket** i antal gardsbruk. I 2019 var det **69 gardsbruk i drift** i Sykkylven (140 bruk i år 2000) med **gjennomsnittleg dyrka areal på 171 dekar** (107 dekar i år 2000).

**Kvart årsverk i landbruket skaper ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemdar.**

Det vert utført flest årsverk i mjølkeproduksjon på storfe og i sauehaldet. I Sykkylven har **29 gardsbruk produksjon av storfekjøtt**, av desse 17 mjølkebruk. Det er **32 sauebruk** og **7 bruk med ammekyr** i kommunen.

Bønder driv i tillegg andre produksjonar, næring innan skogbruk, turisme, jakt og fiske, vidareforedling og sal av gardsmat, og har bygd fleire småkraftverk.

Sykkylven kommune har satsa på landbruksforvaltning. I Sykkylven er det bedrifter og maskinfirma innan landbruket. Det er dei siste åra bygd nye fjøs.

Sykkylven har av dei største fagmiljøa for økologisk produksjon i fylket, og er ein av dei **største økologiske kommunane i landet** med areal omlagt til økologisk jordbruksdrift.

Det er fleire vakre stølar med mjølkeproduksjon. 8 av 18 mjølkebruk har mjølkekyrne i produksjon på stølane om sommaren.

Samla er **husdyrhaldet i Sykkylven ein stor buskap**: 320 mjølkekyr, 800 ammekyr/andre storfe og 4.450 sau og lam.

Det vert dyrka vel **11.800 dekar jordbruksareal** (14.900 dekar i år 2000),, mest gras til fôr og beite. Vidare er det ca **79.000 dekar produktivt skogareal** med furu, gran og lauvtre.

## **Spesialisert produksjon, stor omsetnad og stadig ny satsing**

Matproduksjonen og råvarer frå jordbruket i Sykkylven hadde i 2010 (tal frå NILF) ein **salsomsetnad på 36,1 millionar kroner** i året.

Av dette hadde mjølkebruka inkl. kjøtproduksjon 55 prosent av omsetnaden og sauehaldet 30 prosent.

Det allsidige landbruket i Sykkylven skaper i tillegg verdier frå produksjonar med andre dyreslag, bønder arbeider med tilleggsnæringar, brøyting vegar og i skogen og det er hestehald i kommunen.

I 2019 vart det produsert **2,0 millionar liter kumjølkk frå 17 mjølkebruk** (42 mjølkebruk og 2,7 mill. liter i 2000). Dette tilsvarar årsforbruket av drikkemjølkk, ost og andre meieriprodukt til vel 7.000 personar. Gjennomsnittleg har mjølkebruka 19 kyr og leverer årleg 118.000 liter mjølkk. (12 kyr og 59.700 liter i år 2000).

I 2019 vart det produsert vel **141.000 kg kjøtt** i Sykkylven, av dette vel 91.000 kilo storfekjøtt og 49.000 kilo sauekjøtt. Kjøttproduksjonen tilsvarar årsforbruket av kjøtt til vel 2.000 personar, eller mange av befolkninga i kommunen.

## **Vårt lokale landbruk er ein del av nasjonal og internasjonal matproduksjon**

**Bøndene i Sykkylven** er medeigarar i dei store nasjonale industribedriftene Tine og Nortura – Gilde. Næringsmiddelindustrien er landets største industrisektor. I tillegg kjem tømmerforedling.

**Landbruksnæringa si hovudoppgåve** er å forsyne heile landet med norske matvarer året rundt til stabile prisar. Norsk matproduksjonen skal aukast med 20 prosent dei neste 20 åra i takt med befolkningsauken på 1 million menneske. Vi produserer i dag berre halve kaloriforbruket vårt. Matimporten aukar veldig raskt i Norge, liksom i Sverige, mellom anna av storfekjøtt og dels mjølkeprodukt. – Auka import sikrar ikkje levande bygder og kulturlandskapet på Nordvestlandet.

**Norge** har krevande natur og klima for matproduksjon utandørs. Dei fleste land vi samanliknar oss med har ein politikk for matforsyning. Liksom på mange andre politikkområde har Norge sin eigen modell for nasjonal landbrukspolitikk. Importvernet overfor land med gunstigare vilkår og lågare kostnadar er avgjerande for å oppretthalde matproduksjon over heile landet

## Bonden og landbruksnæringa i Sykkylven gir Mat, Miljø og levande Bygder



### - Kvifor aktivt landbruk i Norge?

- lokal norsk mat året rundt i heile landet til nokså lik pris
- velstelte bygder med kulturlandskap og husdyr
- miljøverdiar, kulturverdiar og tradisjonsberarar
- lokal busetting og verdiskaping med store ringverknader

Mai 2020




NORGES BONDELAG



## Landbruket i Sykkylven

- \* 69 bruk i drift, av desse 29 med storfekjøtt
- \* 17 mjølkebruk og 32 sauebruk
- \* Fylkets største fagmiljø for økologisk produksjon
- \* Kultur- og fjordlandskap av verdensformat
- \* Det aktive landbruket gir ringverknader for arbeidsplassar og omsetnad i kommunen



SYKKYLVEN KOMMUNE: Høge kvasse tindar, mange grøne stølar og eit aktivt jordbruk langs heile fjorden!

